

Sak/ innstilling til GF:

«Folkeopplysning om Døden».

Arbeidet med Sistehjelpskurset har vore høgt prioritert i tre styreperioder for NPF.

NPF gjennomførte det første Sistehjelpskurset som nokon gong er gjennomført, og har vore med i utviklinga av konseptet fra starten.

I siste styreperiode har rammefaktorane endra seg, med framlegg til kontrakt/patent for bruk av konseptet.

Kontrakten var av ein slik karakter at styret ikkje kunne signere.

Revisjon av formuleringar i kontrakten var heller ikkje tilstrekkeleg til at styret ville gå vidare i dette samarbeidet.

Ei forplikande overordna styring fra internasjonalt samarbeid, slik det vart framlagt for styret, vart opplevd som for rigid og tidkrevende for utvikling og endringar i konseptet.

Styret la vekt på at konseptet i presentasjonsmalen må endrast noko, og at dette er endringar som bør gjerast snarleg. Ein felles internasjonal mal må også ha nasjonale variasjonar, då mykje er ulikt frå land til land.

Slik situasjonen er pr august 2018 ynskjer styret å gå vidare med eit nytt og tilpassa konsept utanfor Sistehjelpskurset, med annan tittel og norsk tilpassning.

«Folkeopplysning om Døden».

-

- Dette innebærer å oppdatere instruktørar i forhold til den reviderte versjonen, samt planleggje og gjennomføre nye instruktørkurs ulike stader i landet.
- NPF vil i første omgang avvente på endra vilkår for å tre inn i eit eventuelt internasjonalt samarbeid. Dette kan medføre å bli ståande utanfor om andre vil overta konseptet i Norge.
- NPF vil uansett kunne halde fram med eit samarbeid med Foreningen for Palliativ Indsats i Danmark, som fram til no har vore ein god samarbeidspart i forhold til utviklinga av ein nasjonal variant av kurskonseptet (Vi vil gjere merksam på at Danmark har gått inn i det internasjonale samarbeid)
- Kan Generalforsamlinga godkjenne NPF sitt framlegg til vidareføring av konseptet og gi komande styre fullmakt til å evt søkje patent på den norske tilpassinga av konseptet saman med Palliativt team, NLSH Bodø. Vidareutviklinga er gjort av Helene Faber-Rod og Anne-Mette Henriksen, (begge tilsatt ved NLSH Bodø)